

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	02.12.2022
Vår referanse	2022/60085-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Berit Vik
E-post	Berit.Vik@vlfk.no
Telefon	41321036

**Vedk. vedtak - detaljreguleringsplan - Meland kyrkjegard - PlanID
125620180002 - Alver kommune**

Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv har for ei tid tilbake teke vedtaket til Kommunal- og distriktsdepartementet i saken til etterretning. Alver kommune underretta oss om vedtaket i brev datert 07.10.22. Vi avventar no initiativ frå Meland kommune omkring vidare dialog i saken, jamfør følgjande avsnitt i brevet frå departementet, datert 27.05.22:

«Departementet har difor kome til at reguleringsplanen kan godkjennast, men at ny veg må opparbeidast med minst mogleg vegbreidd og med enkel standard. Vegen bør om mogleg ha grasdekke. Departementet legg til grunn at kommunen har dialog med fylkeskommunen som kulturmynde når det gjeld utforming av vegen. Dagens veg skal fortsatt vere hovudatkomst til Bjørnestad. Det inneber at omgjerding av delar av vegen frå køyreveg til gang- og sykkelveg ikkje vert godkjend. Det vert heller ikkje tillate etablert driftsveg gjennom kyrkjegardsmuren frå den nye tilkomstvegen. Motsegna frå Vestland fylkeskommune er etter dette teken delvis til følge.»

Vi reknar med at de held oss orientert i saken og at det ikkje blir utført tiltak på staden før vi har hatt nærmare dialog omkring utforming av vegen.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KII - Arealplan (Førde)

Berit Vik
seniorrådgjevar
KII - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift